

MASFJORDEN KOMMUNE

Møtebok for Kommunestyret

Den 28.04.2011 kl 11:45 – 16.45 , heldt Kommunestyret møte på Kommunehuset.
Følgjande saksnummer vart handsama i møtet: 023/11 - 032/11
Innkalling til møtet var sendt ut den: 18.04.2011

Desse møtte:

Arbeiderpartiet:	Høgre:	Senterpartiet:
Liv Oda Dale	Håkon Matre, ordfører	Vigdis Søvik
Lars Solheim	Frode Langhelle	Laila Haukeland, vara
Torfinn Aga, vara	Wenke Fredheim Ekren	
Laila Solhaug Reknes	Karstein Totland	
FORFALL:	FORFALL:	FORFALL:
Bjørn Egil Nordland		Jon Terje Sætre
Dina Merete K. Dyrhovden		

Kristeleg Folkeparti:	Framstegspartiet:	Venstre:
Marit Steinestø, varaordfører	Willy Borge	Leila Torsvik Andvik
Siri Tangedal Kratzmeier	Janne Judith Sandnes, vara	Per Einar Langhelle
FORFALL:	FORFALL:	FORFALL:
	Erlend Kvamsdal	

Frå administrasjonen møtte:

Rådmann Lovisa Midtbø
Ass. rådmann Svein Helge Hofslundsengen
Rådgjevar Anne Kirstin Rafoss som førte møteprotokollen

Ugilde	Sak	Følgjande varamedl. møtte

Møteleiar:	Ordfører Håkon Matre
Utlevert i møtet:	
Orientering:	
Sp.mål/interpell.:	Spørsmål frå Ap til kommunestyremøtet, sjå sak 32/11 skriv og meldingar
Synfaring:	
Diverse:	

Innkallinga vart godkjent.

Sakslista vart godkjent.

Sakliste

Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
023/11	11/257	Godkjenning av møteprotokoll	3
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
024/11	11/197	Stilling som vernepleiar	4
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
025/11	07/158	Valstyre 2009-2011 - val av nytt medlem for resten av perioden	6
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
026/11	10/783	Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet for 2011 - 2014	10
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
027/11	10/406	Forvaltningsrevisjon Pleie og omsorg institusjon 2010	14
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
028/11	10/844	Frøyset vassverk - Søknad om lån og tilskot i kraftfondet	17
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
029/11	11/234	Årsmelding kraftfondet 2010	22
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
030/11	10/258	Årsmelding 2010 for Masfjorden kommune	26
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
031/11	11/91	Årsrekneskapen 2010 for Masfjorden kommune	28
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
032/11	11/256	Skriv og meldingar	46

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	28.04.2011	023/11	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 11/257
-----------	---------------------

SAK 023/11 - GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen frå kommunestyret den 24.03.2011 vert godkjent slik han ligg føre.

KS-023/11 VEDTAK:

Møteprotokollen frå kommunestyret den 24.03.2011 vert godkjent slik han ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 28.04.2011:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	28.04.2011	024/11	Ørnulf Lillestøl

Arkiv: N-047	Arkivsaknr.: 11/197
--------------	---------------------

SAK 024/11 - STILLING SOM VERNEPLEIAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Det vert oppretta ei ny stilling som vernepleiar til arbeid med personar med særskilte behov. Primært for arbeid med unge funksjonshemma.
2. Finansiering av stillinga vert avklara i eigen sak i kommunestyret i mai møtet (budsjettsaldering) som del av sak om finansiering av samla tiltak.

KS-024/11 VEDTAK:

1. Det vert oppretta ei ny stilling som vernepleiar til arbeid med personar med særskilte behov. Primært for arbeid med unge funksjonshemma.
2. Finansiering av stillinga vert avklara i eigen sak i kommunestyret i mai møtet (budsjettsaldering) som del av sak om finansiering av samla tiltak.

Det skjedde i Kommunestyret den 28.04.2011:

Ordførar orienterte kort og saka vart drøfta.

Marit Steinestø, Krf spurte om det er mogeleg at den som vert tilsett som vernepleiar òg kunne vere kontaktperson for foreldre med funksjonshemma born?. Rådmannen svarta at det var umogleg å svare på dette no, men organisering av tenestene våre vert fortløpande vurdert.

Vigdis Søvik, Sp, sa at formannskapet vart orientert om behovet for ein vernepleiarstilling knytt opp mot ein brukar som skulle flytte til kommunen. Er det nok at ein munnleg melder at ein ønskjer å flytte til kommunen og så er kommunen forplikta til å gjennomføre tilsetjing. Er det undersøkt med kommunen brukaren kjem frå for å hauste erfaring om kva tiltak som har fungert? Rådmannen svarte at flyttinga vart varsla for 1 ½ år sidan. Siste året har ein nytta til å planlegge saman med representantar frå kommunen brukaren no bur i. Rådmannen peika og på at sjølv om ein tilsette i fast stilling er det mogeleg å seie opp denne personen ved sakleg grunngjeving som f.eks at tenesta fell bort.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	I	29.03.2011	Marie Bernadette Solheim	Søknad på stilling som vernepleiar
1	U	04.04.2011	Heimesida	Annonse til heimesida

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Masfjorden kommune fekk i 2010 melding om at det ville flytta ein person med omfattande hjelpebehov til kommunen. Personen bur i dag i nabokommune og har avlastning i kommunal bustad. Vernepleiarkompetanse er ein viktig del av tilbodet som vert gjeve. Formannskapet vart i førre møte orientert i eit notat om behov for utlysning av stillinga.

FAKTA

Masfjorden kommune starta mot slutten av fjoråret planlegging av tilbodet. Tilbodet vert gjeve i ei av dei nye bustadene på Hosteland. Det krev mindre ombygging av bustaden, hovudsakleg utviding av nokre dører og det meste av planlegginga er knytt til etablering av og sikring av tilstrekkeleg personalressurs.

Fullstendig personalsamansetjing er ikkje klargjort, men vi ser at det er behov for vernepleiarkompetanse i dette tiltaket og at nokre andre brukarar også har behov for denne kompetansen. Slik omfanget no er, er samla stillingsbehov berekna til 3 – 4 årsverk. Noko av dette vil dekkast av personell allereie tilsett i omsorgsavdelinga og kanskje også i andre avdelingar i kommunen.

Finansiering av tiltaket er ei utfordring. I 2012 vil vi få tilskot frå staten til ressurskrevjande brukarar slik at 85 % av kostnaden over ca 900 000,- vert refundert.

Samla sak om etablering av tiltaket med samla personalsamansetjing og finansiering vert fremja for kommunestyret i mai møtet.

Viser elles til melding sendt førre formannskap om dette tema. Stillinga er lyst ut og det er viktig at denne person i denne stillinga kan starte opp i noko tid før brukaren flyttar.

VURDERING

Flytting til vår kommune er ei utfordring for oss. Brukaren krev omfattande bistand frå kompetent og trygge tilsette. Når personar vel å flytte til annan kommune har ny opphalskommune plikt til å gje eit forsvarleg og godt tilbod. Ei særskilt utfordring er å sikre flytting og overgang til ny bustad og personell så god og trygg som mogeleg. Dette krev at vi har tilsett personell som har blitt trygg på oppdraget før igangsetjing. Vernepleiar vil vere sentral i denne planlegginga og dette arbeidet.

KONKLUSJON

Masfjorden kommune opprettar stilling som vernepleiar med oppstart kring 01.08.11.

Finansiering av stillinga vert avklara i eigen sak i kommunestyret (budsjettsaldering) som del av sak om finansiering av samla tiltak i mai møtet.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	28.04.2011	025/11	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-022.1	Arkivsaknr.: 07/158
----------------	---------------------

SAK 025/11 - VALSTYRE 2009-2011 - VAL AV NYTT MEDLEM FOR RESTEN AV PERIODEN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Marit Steinestø går inn som ny medlem og nestleiar i valstyret for resten av valperioden 2009-2011.

Valstyre for resten av perioden 2009 – 2011:

Parti	Tal	Medlemer:	Parti:	Varamedlemer:
H	1	Håkon Matre	V	1. Leila Torsvik Andvik 2. Frode Langhelle 3. Siri T. Kratzmeier 4. Per Einar Langhelle
			H	
			Krf	
			Frp	
Krf	1	Marit Steinestø	V	
Frp	1	Willy Borge		
Ap	1	Dina Dyrhovden	Ap	1. Laila S. Reknes 2. Jon Terje Sætre 3. Lars Solheim 4. Bjørn Egil Nordland 5. Liv Oda Dale
			Sp	
			Ap	
			Ap	
			Ap	
Sp	1	Vigdis Søvik		

Leiar i valstyret: Håkon Matre

Nestleiar: Marit Steinestø

KS-025/11 VEDTAK:

Marit Steinestø går inn som ny medlem og nestleiar i valstyret for resten av valperioden 2009-2011.

Valstyre for resten av perioden 2009 – 2011:

Parti	Tal	Medlemer:	Parti:	Varamedlemer:
H	1	Håkon Matre	V	1. Leila Torsvik Andvik 2. Frode Langhelle 3. Siri T. Kratzmeier 4. Erlend Kvamsdal 5. Per Einar Langhelle
Krf	1	Marit Steinestø	H	
Frp	1	Willy Borge	Krf	
			Frp	
			V	
Ap	1	Dina Dyrhovden	Ap	1. Laila S. Reknes 2. Jon Terje Sætre 3. Lars Solheim 4. Bjørn Egil Nordland 5. Liv Oda Dale
			Sp	
			Ap	
			Ap	
			Ap	
Sp	1	Vigdis Søvik		

Leiar i valstyret: **Håkon Matre**
 Nestleiar: **Marit Steinestø**

Dette skjedde i kommunestyret den 28.04.2011:

Ordførar orienterte

Willy Borge FrP, sa at Erlend Kvamsdal burde gå inn som vara for FrP i staden for Tore Helland som no har fått fritak frå kommunestyret pga flytting. Kommunestyre sa seg samde i dette.

Framlegg til vedtak med korrigeringa frå FrP vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
2	U	12.03.2007	Medlemmer og varamedlemmer	Melding om vedtak - Val av valstyre i høve kommunevalet 2007
5	U	05.05.2011	Valstyremedlemmer	Melding om politisk vedtak - Val av nytt medlem til valstyret for resten av perioden

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

I vallova § 4.1 står det at i kvar kommune skal det vera eit valstyre som blir vald av kommunestyret sjølv.

Dette var nytt ved førre kommuneval. Før den tid var formannskapet automatisk valstyre.

Kari Skår Sørheim fekk i K-sak 63/10 fritak for sine politiske verv i Masfjorden kommune ut valperioden pga av at ho flytta frå kommunen.

På grunn av at Kari Sørheim har gått ut av valstyret må difor kommunestyret formelt velja valstyret på nytt.

I sak K-sak 83/10 vart Marit Steinestø valt ny medlem i formannskapet, planutvalet, administrasjonsutvalet og til diverse andre verv.

Det vart då gløymd at det og skulle veljast ny medlem til valstyret.

Det vanlege er at kommunestyret vel det sitjande formannskap til valstyre. Sidan Marit Steinestø no er valt inn som ny medlem og også er valt til varaordførar, vil det vera naturleg at ho går inn som medlem i valstyret for resten av denne valperioden.

Varamedlem nr 4 til valstyret var då Tore Helland. Han er og flytta frå Masfjorden kommune. Her har då varamedlem nr 5 rykka opp.

FAKTA

KS-035/09 VEDTAK:

Valstyre for av perioden 2009 – 2011:

Parti	Tal	Medlemer:	Parti:	Varamedlemer:
H	1	Håkon Matre	V	1. Leila Torsvik Andvik
			H	2. Frode Langhelle
			Krf	3. Siri T. Kratzmeier
			Frp	4. Tore Helland
			V	5. Per Einar Langhelle
Krf	1	Marit Steinestø		
Frp	1	Willy Borge		
Ap	1	Dina Dyrhovden	Ap	1. Laila S. Reknes
			Sp	2. Jon Terje Sætre
			Ap	3. Lars Solheim
			Ap	4. Bjørn Egil Nordland
			Ap	5. Liv Oda Dale
Sp	1	Vigdis Søvik		

Leiar i valstyret: Håkon Matre
Nestleiar: Kari Skår Sørheim

KONKLUSJON

Marit Steinestø går inn som ny medlem og vert nestleiar i valstyret for resten av valperioden 2009-2011.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	14.04.2011	028/11	Alf Strand
Kommunestyret	28.04.2011	026/11	Alf Strand

Arkiv: N-101.5	Arkivsaknr.: 10/783
----------------	---------------------

SAK 026/11 - KOMMUNEDELPLAN FOR IDRETT OG FYSISK AKTIVITET FOR 2011 - 2014

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet for perioden 2011-2014 vert vedteken slik han ligg føre.

Finansiering

Midlar til investeringar og drift vert årleg sett av i budsjetthandsaminga.

FS-028/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet for perioden 2011-2014 vert vedteken slik han ligg føre.

Det skjedde i Formannskapet den 14.04.2011:

Dina Dyrhovden synte til s. 7 i planen der det sto at det vil vera naturleg å gjera nye avtalar når Matre symjebasseng kjem i drift att hausten 2011. Ho spurde om kva administrasjonen tenkjer på her.

Dyrhovden synte og til s. 9 i planen om idrettsskulen og spurde om korleis ein kan auka deltakinga i aldersgruppa 10 – 12 år.

Svar på spørsmål 1:

Rådmann Lovisa Midtbø svara at me har avtalar om drift med to aktørar Einekavane og Idrettslaget Bjørn West. Rådmannen vona at desse avtalane kan halda fram, men med nytt anlegg og nye tekniske løysingar vil det vera viktig å reforhandla desse.

Svar på spørsmål 2:

Rådgjevar Alf Strand svara og sa at Idrettsskulen har hatt møte om dette og sett på korleis ein kan få fleire med og at fleire av dei som melder seg på til idrettsskulen ikkje fell frå.

Tidspunkt er lagt opp til rett etter skuletid. Strand sa t me prøver og på å få til eit anna opplegg slik at det ikkje nødvendigvis treng vera 2 t kvar veke, men at ein samlar opp litt i løpet av året og tek heile dagar. Til dømes ein heil dag i Stordalen og ein dag i symjebassenget.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-026/11 VEDTAK:

Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet for perioden 2011-2014 vert vedteken slik han ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 28.04.2011:

Rådgjevar Alf Strand møtte til denne saka og gjekk kort gjennom planane for idrettsskulen framover. .

Frode Langhelle, H, spurte om kven som var sjef for idrettsskulen. Rådgjevar Alf Strand svara at det var han.

Laila Solhaug Reknes Ap, spurte om ikkje sykkelbana på Matre burde våre lista under nærmiljøanlegg utandørs. Rådmannen svara at det skulle ho ha vore og bad om at rådmannen fekk fullmakt til å tilføye dette punktet. Kommunestyre slutta seg til dette.

Framlegg til vedtak frå formannskapet med tilføyd punkt ang. sykkelbana på Matre under nærmiljøanlegg utandørs, vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	U	22.10.2010	Idrettsrådet	Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2007-2010, handlingsplan 2011
4	I	23.11.2010	Risnes Idrettslag v/Aud Berit Sleire	Innspeil til kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet.
5	U	20.12.2010	Fleire mottakarar	Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet, handlingsplan for 2011 - melding om vedtak
6	U	07.01.2011	Hordaland fylkeskommune	Søknader om spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet 2011
7	U	24.01.2011	Pensjonistlaga	Kommuneplan for idrett og fysisk aktivitet til høyring
8	I	16.02.2011	Berit Torsvik	Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet - ber om tilbakemelding på traceval under pkt 8
9	U	22.02.2011	Berit Torsvik	Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet - traceval under pkt 8
15	I	28.02.2011	Arbeidsgruppa for symje- og idrettshall v/Helge Haukeland	Høyringsuttale kommunedelplan for idrett i Masfjorden

10	I	03.03.2011	Morten og Monika Gullaksen	Meknad til plan for Idrett og fysisk aktivitet 2011-2014
11	I	03.03.2011	Nordbygda pensjonistlag v/Astrid Birkeland	Uttale til kommuneplan for idrett og fysisk aktivitet
12	I	04.03.2011	Tove Kristin og Vidar Sleire Tistel	Høyringsuttale kommunedelplan idrett og fysisk aktivitet
16	I	04.03.2011	Indre Masfjorden pensjonistlag v/Ragnhild Hope	Merknad til kommuneplan for idrett og fysisk aktivitet
13	I	06.03.2011	Masfjord Fotballag v/John Torsvik	Høyringsuttale til kommunedelplan for idrett 2011-2014
14	I	07.03.2011	Frøysetvågen skyttarlag	Høyringsuttale kommunedelplan for idrett 2011-2014
17	I	07.03.2011	Nordhordland Turlag v/styret	Høyringsuttale til kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet
20	I	08.03.2011	Hordaland Fylkeskommune	Innspel til ny kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet
18	I	14.03.2011	Hordalandl fylkeskommune	Innspel til ny kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet i Masfjorden
19	I	15.03.2011	Masfjordnes pensjonistlag v/Olav J. Kvinge	Innspel til kommunedelplan for idrett- og fysisk aktivitet
21	I	29.03.2011	Idrettsrådet i Masfjorden v/John Torsvik	Høyringsuttale til kommunedelplan for idrett og innstilling kulturmidlar

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Gjeldande kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet handla om åra 2007-2010. Planen må difor reviderast/rullerast.

HØYRING

Rådmannen sitt utkast til ny kommunedelplan vart sendt ut på høyring 21.01.2011 med høyringsfrist 5. mars. Det har kome innspel, spørsmål og kommentarar frå i alt 12 einskildpersonar, lag og institusjonar. Eit samandrag av innspela følgjer nedanfor.

UTTALE

Pensjonistlaga har uttalt seg spesielt om trongen for turveggar og turstiar. Nordbygda Pensjonistlag er godt nøgd med det tilbodet av turveggar som ein har, medan pensjonistlaga på Sørsida og i Indre Masfjorden har framlegg til nye turtrasear. Indre Masfjorden pensjonistlag ønskjer fysioterapeut/folkehelsekoordinator innom på medlemsmøta ein gong for månaden.

Nordhordland turlag ynskjer at det vert lagt til rette for turgåing for alle aldersgrupper til alle årstider. Konkret vil dei ha lysløype/turveg på Sleire prioritert som pkt. 2 i handlingsprogrammet for perioden 2011-14.

Frøysetvågen skyttarlag ønskjer nytt lokale til miniatyrskytebane dersom det vert bygd fleirbrukshall.

Arbeidsgruppa for symje- og idrettshall ber kommunen ta inn i planen eit symje- og badeanlegg og fleirbrukshall som eit interkommunalt anlegg for Masfjorden og Gulen.

Masfjord fotballag vil ha slik prioritering på fotballanlegg:

- 1 Kunstgrasdekke 7-ar bane Nordbygda
- 2 Kunstgrasdekke 5-ar/7-ar bane Sandnes
- 3 Kunstgrasdekke 11-ar bane Matre

Nærmiljøanlegg:

1 Ballbinge Einestrand/Kvingo

2 Ballbinge Andvik

Laget ønsker dessutan parkeringsanlegg ved Nordbygda sentralidrettsanlegg.

Tove Kristin og Vidar Sleire Tistel er opptekne av idrettsskulen si rolle for den fysiske aktiviteten for dei yngste og vil utvida tilbodet til å gjelda heile grunnskulen. Dei vil òg slå eit slag for lysløype på Sleire. Tilkomst til sentralidrettsanlegget og oppgradering av friidrettsanlegget er andre viktige punkt i deira innspel.

Monika og Morten Gullaksen ber om at Grunnevik vert teken ut av lista over kommunale uteområde.

Idrettsrådet vil at planen skal ha eit slagord/ ei overskrift, t.d "Kom i betre form i Masfjorden". Idrettsrådet ønsker dessutan eit nytt punkt i planen; Aktivitetsmønster i endring.

Idrettsrådet har merknader og tillegg til fleire av punkta i planen. Desse blir tekne opp under vurderingar nedanfor.

Hordaland fylkeskommune har ingen vesentlege merknader til planen, men saknar eit oversyn over planprosess og medverknad. Fylkeskommunen peikar, på same måten om idrettsrådet, på at aktivitetsmønsteret, særleg for dei unge, er i stadig endring og at det bør takast høgde for dette i planen. Dei meiner òg at det vil styrka planen om det vert lagt inn eit kart som viser kvar ulike anlegg ligg i dag og kvar ein planlegg anlegg i åra framover.

VURDERING

Rådmannen er glad for alle innspela som er komne. Dei er med på å leggja grunnlaget for at me skal kunne få ein god plan der så mange tankar som mogeleg om idrett og fysisk aktivitet får plass. Alle innspel tek til orde for at det er viktig å satsa på folkehelse og fysisk aktivitet. Fleire har omsut for at dei anlegga me alt har, må vedlikehaldast og utbetrast slik at dei kan ha god standard.

Rådmannen vil gå inn for at idrettsrådet sitt nye avsnitt kalla Aktivitetsmønster i endring vert teke inn under pkt. 3.0. Rådmannen vil òg i stor grad slutta seg til dei andre merknadene som er komne frå idrettsrådet. Dei fleste innspel frå andre lag og privatpersonar, er òg tekne med av idrettsrådet. Dei innspela som rådmannen vil tilrå, er markerte med feit skrift i planen.

Det er mogleg at ein er vel optimistisk når ein tek så mange som 7 anlegg med på prioriteringslista i 4-årsperioden. På den andre sida er det viktig å få fram i lyset dei anlegga ein kan tenkja seg å få realisert innan kort tid.

KONKLUSJON

Rådmannen rår til at kommunestyret vedtek Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet for perioden 2011 til 2014 med dei endringar som er lagde til etter høyringsrunden.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	28.04.2011	027/11	Ørnulf Lillestøl

Arkiv: N-103, N-35	Arkivsaknr.: 10/406
--------------------	---------------------

027/11 - FORVALTNINGSREVISJON PLEIE OG OMSORG INSTITUSJON 2010

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek rapporten til etterretning.

KS-027/11 VEDTAK:

Kommunestyret tek rapporten til etterretning.

Det skjedde i Kommunestyret den 28.04.2011:

Ordfører orienterte kort og saka vart drøfta. Rådmannen orienterte om at grunnen til at ein ikkje hadde gjeve tilbakemelding på tilforvaltningsrapporten var at ein ikkje hadde merknader. Rådmannen ser på rapporten som ein god rapport.

Vigdis Søvik, Sp, sa at det er godt å få stadfesta det ein veit; at me driv ei god eldreomsorg. Ho meinte at det som stod under vurdering i saksutgreiing skulle vore sendt revisjonen som administrasjonen si tilbakemelding.

Framlegg til vedtak frå kontrollutvalet vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	28.05.2010	Nordhordland Revisjon IKS	Forvaltningsrevisjon Pleie og omsorg institusjon - PLO ressursbruk til institusjon 2010
2	I	14.02.2011	Nordhordland Revisjon IKS	Rapport: Samanstilling av data for pleie og omsorg - institusjon
3	I	07.04.2011	Bent Gunnar Kontrollutvalet v/Næss	Rapport mars 2011 - Samanstilling av ressursbruk Pleie og omsorg institusjon i Nordhordland
4	I	12.04.2011	Kontrollutvalet v/Kjell Løvik	Utskrift frå møte i kontrollutvalet 11.04.11 - Rapport - ressursbruk pleie og omsorg institusjon

SAKSTILFANG:

- Rapport – ressursbruk pleie og omsorg mars 2011 – endeleg
Ligg ved i eige hefte

BAKGRUNN

Det er gjennomført forvaltningsrevisjon på området sjukeheim i Masfjorden. For å gje eit utfyllande bilde er denne ein del av eit fellesprosjekt der alle kommunane og sjukeheimane i Nordhordland deltek. Det er samanlikna ei rekkje økonomiske, bemanningmessige og driftsmessige sider ved drift av sjukeheimane.

Oppsett og gjennomføringa av revisjonen er drøfta i fellesmøte med kommunane i forkant av undersøkinga. Grunnlagsdata er henta frå KOSTRA og ved å innhente informasjon om pasiental, bemanning osv direkte frå kommunane.

Faktiske funn/oppsummering

Masfjorden sjukeheim er blant dei sjukeheimane som har lågast totalkostnad per plass. Dette skuldast bemanningsfaktor samt lågare lønskostnad per stilling. Bemanninga er noko høgare på demensavdelinga enn på pleie og noko lågare på helg enn kvardag. Vi sparar også på administrasjonskostnader, service (kjøkken/vaskeri mv) og byggkostnader i høve nokre andre kommunar.

Masfjorden kommune prioriterer målgruppene litt høgare enn fleire av dei andre kommunane. Litt høgare dekningsgrad medfører at kommunen nyttar også litt meir til gruppa 80+ enn det kostnadene ved institusjonen skulle tilseie. Det er her litt uoversiktleg å samanlikne kommunane imellom då forhold til heimetenester og bustader verkar inn på resultatet. Hjø oss er all heildøgnsomsorg samla til desse målgruppene på sjukeheim. Dette varierer litt frå andre kommunar som også har bemanna bufelleskap og bustader utan at dette er heimla som institusjon eller lovverket.

Kontrollutvalet handsama saka i møte den 11.04.2011 på kommunehuset.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet:

Kontrollutvalet tok rapporten til etterretning. Kontrollutvalet ser det som naturleg at rapporten vert lagt fram for kommunestyret.

Kontrollutvalet sitt forslag til vedtak i kommestyret:

Kommunestyret tek rapporten til etterretning.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kraftfondsstyret	14.04.2011	003/11	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	28.04.2011	028/11	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-105.1, N-146	Arkivsaknr.: 10/844
-----------------------	---------------------

SAK 028/11 - FRØYSET VASSVERK - SØKNAD OM LÅN OG TILSKOT I KRAFTFONDET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Det vert ikkje gjeve støtte til Frøyset vassverk i form av tilskot gjennom kraftfondet til gjennomførte investeringar i 2010 og heller ikkje lån til investering i eit nytt borehol i 2011 då tiltaket fell utfor ordninga og føremålet med frie fondsmidlar til fordeling (næring)
2. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

Finansiering

Heimel

Vedtekter og retningsliner for kraftfondet

KRFT-003/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Det vert ikkje gjeve støtte til Frøyset vassverk i form av tilskot gjennom kraftfondet til gjennomførte investeringar i 2010 og heller ikkje lån til investering i eit nytt borehol i 2011 då tiltaket fell utfor ordninga og føremålet med frie fondsmidlar til fordeling (næring)
2. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

Det skjedde i Kraftfondsstyret den 14.04.2011:

Senterpartiet sette fram endringsframlegg,

Endringsframlegg SP;

- Det vert gjeve støtte til Frøyset vassverk i form av tilskot med 60.000 til gjennomførte investeringar utført i 2010.
- Det vert innvilga lån på kr. 120.000,- til utviding av kapasitet i form av eit ekstra borehol i 2011.
- Tildelinga av tilskot og lån vert knytt opp mot paragraf 2 i vedtektene
- Forskjellen er at kommunen ikkje kunne tilby tilknytning.

Saka vart deretter debattert.

Ved røysting fekk framlegget til SP 2 røyster (Sp og FrP), og fall mot 3 røyster.

KS-028/11 VEDTAK:

- 1. Det vert ikkje gjeve støtte til Frøyset vassverk i form av tilskot gjennom kraftfondet til gjennomførte investeringar i 2010 og heller ikkje lån til investering i eit nytt borehol i 2011 då tiltaket fell utafør ordninga og føremålet med frie fondsmidlar til fordeling (næring)**
- 2. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.**

Det skjedde i Kommunestyret den 28.04.2011:

Ordførar orienterte kort og delte ut årsmeldinga frå Frøyset Vassverk.

Karstein Totland H: Høgre vil kome med eit endringsframlegg der ein ikkje gjev tilskot men vil gje Frøyset Vassverk eit lån i næringsfondet. Må ein då endre vedtektene?

Vigdis Søvik, Sp. Senterpartiet ser på dette som ei samanliknbar sak med andre saker som har fått tilskott til infrastruktur som vassframføring sjølv om dette gjeld etablerte husstander og ikkje nybygging. Sp opprettheld sitt framlegg frå formannskapet.

Frode Langhelle, H, sa at hadde Frøyset gardsmat vore ein av søkjarane kunne ein nytta § 2 i vedtektene om næringstilknytning.

Willy Borge, FrP, spurte om ein kunne forvente krav frå Frøyset om kommunal overtaking av vassverket viss ein ga kommunal støtte. Rådgjever Anne Kristin Rafoss svarte at lovverket opnar for at kommunen kan overta eit privat vassverk utan eigarane si godkjenning (krev kommunestyrevedtak), men det er ikkje noko heimel for private vassverk å krevje at kommunen skal overta deira vassverk sjølv om infrastruktur knytt til vassverk er ei offentleg oppgåve.

Liv Oda Dale, Ap, sa at ein i utgangspunktet delte synspunkta til Sp og FrP frå formannskapet men etter å ha høyrte på argumentasjonen ønskjer ein eit gruppemøte.

Marit Steinestø, KrF sa at det er viktig å halde seg til vedtektene ein sjølv har vedtekte. Steinestø bad om at administrasjonen gjorde greie for at reglane i kraftfondet og kva presedens eit lån vil gje.

Ass rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte kort om reglar og vedtekter for kraftfondet. Skal ein gje lån bør ein nytte seg av budsjettposten bustadføremål.

Leila Torsvik Andvik, V, vil i utgangspunktet gå for rådmannen sitt forslag men ønskjer eit gruppemøte. Vil eit lån til Frøyset Vassverk no gjere at det vert mindre midlar til ny-etableringar neste år? Andvik meinte og at ein må følgja eigne retningslinjer og ikkje la for mange vedtak vere prega av følelsar.

Ass rådmann Svein Helge Hofslundsengen svarte at brukar ein 120 000 til lån no vil det vere 380 000 at til bustadetableringar i år.

Det vart gruppemøte og gruppeleiar møte og kommunestyremøtet vart heva.

Vigdis Søvik, Sp, Senterpartiet opprettheld sitt framlegg frå formannskapet som lyder:

- Det vert gjeve støtte til Frøyset vassverk i form av tilskot med 60.000 til gjennomførte investeringar utført i 2010.
- Det vert innvilga lån på kr. 120.000,- til utviding av kapasitet i form av eit ekstra borehol i 2011.
- Tildelinga av tilskot og lån vert knytt opp mot paragraf 2 i vedtektene
- Forskjellen er at kommunen ikkje kunne tilby tilknytning.

Karstein Totland, H, Dei andre partia opprettheld Kraftfondstyret sitt framlegg.

Røysting.

Ordførar gjorde framlegg om at dei to framlegga vart røysta mot kvarandre.

Framlegget frå Kraftfondstyret vart vedteke mot to røyster (Sp)

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	03.11.2010	Frøyset vassverk v/Bjarne Håheim	Frøyset vassverk - Søknad om lån og tilskot i kraftfondet
2	I	03.02.2011	Frøyset vassverk v/Bjarne Håheim	Etterlyser svar på Frøyset vassverk sin søknad til kraftfondsstyret
3	I	17.02.2011	Styret for Frøyset vassverk	Klage på manglande svar og handsaming av Frøyset vassverk sin søknad til kraftfondsstyret
4	U	24.02.2011	Frøyset vassverk v/Bjarne Håheim	Vedk. søknad støtte kraftfondet Frøyset vassverk

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Det vert søkt om 60.000 i tilskot og 120.000 i lån kraftfondet til vidare utbygging av Frøyset vassverk.

FAKTA

Handsaming av søknader kraftfondet skjer primært etter 2.tildelingar, med søknadsfrist 15.juni for 1.tildeling og 1.november for 2.tildeling. Søknaden frå Frøyset vassverk kom inn 3.november og vart dermed i utgangspunktet liggjande til 1.tildeling 2011. For 2010 var midlane brukt opp allereie innan 2.tildeling og ingen disponible midlar knytt frie fondsmidlar til fordeling ved 2.tildeling 2010.

Søknaden vart lagt fram for formannskapet den 20.januar 2011 knytt til pågåande arbeid med rullering av vedtektene for kraftfondet, med omsyn til å få nokre avklaringar, men det vart det ikkje tid til i møte, og møterreferat kom litt uheldig ut i forhold vedtekter vs. sjølve søknaden/saka.

Den 28.mars 2011 vart det halde eit møte mellom Frøyset vassverk v/Terje Daae og Bjarne Håheim, og kommunen ved ordførar og ass. rådmann på kommunehuset. Tema var orientering frå Frøyset vassverk om status vassverket om oppdaterte prosjektkalkylar og vedtekter, samt orientering om kraftfondet og mulege medverknadar frå kommunen si side, realtert til kommunen sin medverknad i ein del nye bustadfelt – politisk handsaming. Frøyset vassverk ba alternativt om ei vurdering kring kommunal garanti om dei ikkje fekk støtte på andre måtar.

Viser elles til søknad frå Frøyset vassverk som følgjer som vedlegg.

Masfjorden kommune hadde tidlegare ei ordning med tilskot til private vegar og private vassverk. Desse ordningane er avvikla.

VURDERING

Søknaden er primært vurdert etter ordninga med frie fondsmidlar kraftfondet til tildeling med ei ramme på 600.000,-, som for 2010 var disponert pr. september 2010, og søkjar orientert om dette faktum før søknaden og søknaden dermed retta mot 2011 tildelingane.

Kraftfondet skal i hovudsak nyttast til næringsføremål jf. § 2 i vedtektene.

Retningslinene for kraftfondet under § 2 tek og omsyn til tiltak som sikrar og aukar busetnaden i kommunen, kor eit slikt tiltak som Frøyset vassverk søkjer om støtte til er relevant.

Fellestiltak kan og gjevast støtte til investeringsføremål, men må då vere i kommunal regi.

Utbygging hittil har eit omfang på tilknytingsavgift ved tilknytning kommunalt vassverk + vassavgift på nivå med det kommunen tek inn i årlege avgifter. Det er neste utbyggingstrinn som medfører kostnader utover ”kommunalt nivå”, og som det vert søkt støtte om.

Det er mange private vassverk i kommunen, og det har tidlegare vore vurdert framføring av kommunalt vatn til Frøyset, til m.a. kyrkja, men desse planane har ikkje vorte realitetshandsama m.a. grunna kapasiteten på noverande hovudvassverk. Støtte til eit privat vassverk vil fort føre til ei rekkje søknader om støtte til private vassverk.

Støtte til utbygging av private vassverk meiner ein fell utafor føremålet med kraftfondet, og ein tilrår at det ikkje vert gitt støtte til omsøkte prosjekt, og tilskotsordninga frie fondsmidlar til fordeling.

Dersom ein politisk ønskjer å gje støtte til omsøkte prosjekt, må ein heller vurdere budsjettposten for midlar til tilrettelegging bustadføremål. Kommunen har over ein periode gått inn med til dels kraftig medfinansiering i nye bustadfelt, kor framføring av VA anlegg er sentrale. Siktemålet er å sikre busetnad og helst auke den. Utbygging i eksisterande felt/områder vil ha same føremål, og det kan følast urettferdig at ein får støtte til nye felt, men ikkje eksisterande. Dette forholdet kan og jamførast til ordninga med etableringstilskot. Skal ein gje støtte til omsøkte prosjekt, bør ein først gå ein runde med endring i vedtektene for kraftfondet, og vere budd på ein del søknader om støtte til private bustadfelt/vassverk. Støtte vil då og medføre overføring av anlegg til kommunen vederlagsfritt, og løpande kommunale avgifter til kommunen som tek på seg drift av anlegget.

Kommunal garanti – er kraftig innskjerpa frå sentralt hald, og ikkje vurdert då ein ikkje ser heimeil til å gje ein slik garanti som kunne medført lågare rentekostnad på lån i ein sparebank til omsøkte føremål.

KONKLUSJON

Med bakgrunn i vedtekter for kraftfondet tilrår ein at det ikkje vert gitt støtte til søknaden frå Frøyset vassverk, då føremålet fell utafør det som er tenkt med omsyn til prosjekt under budsjettposten frie fondsmidlar til fordeling.

Ved endring i vedtektene og retningslinene kan ein opne for støtte inn under budsjettposten tilrettelegging bustadføremål, men då må ein først føreta vedtektsendring.

Rådmannen rår frå ei slik endring, og viser til at kommunen har vedteke å satsa på målretta etablering av fleire nye bustader for å auka folketalet. Dette gjer ein ved å medverke til VA-utbygging og ved å gje etableringstilskot ved etablering av nye bustadfelt/bustader.

Under § 2 i vedtektene for kraftfondet tilrår ein at private VA anlegg vert definert som tiltak som ikkje skal gjevast stønad til over kraftfondet – og dermed ein klargjering og konkretisering.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kraftfondsstyret	14.04.2011	002/11	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	28.04.2011	029/11	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-001	Arkivsaknr.: 11/234
--------------	---------------------

SAK 029/11 - ÅRSMELDING KRAFTFONDET 2010

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Årsmelding 2010 for kraftfondet vert teken til vitring
2. kr. 965.051 vert avsett til disposisjonsfond 2.5600.315 bustadføremål ved bruk av kraftfondet.

Finansiering

Bruk av unyttta midlar kraftfondet 2010

Heimel

§ 7 i vedtektene for kraftfondet

Utskrift til:

- Fylkesmannen i Hordaland
- Innovasjon Noreg
- Revisjonen

KRFT-002/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Årsmelding 2010 for kraftfondet vert teken til vitring
2. kr. 965.051 vert avsett til disposisjonsfond 2.5600.315 bustadføremål ved bruk av kraftfondet.

Det skjedde i Kraftfondsstyret den 14.04.2011:

Saka vart debattert.

Nokre faktaopplysningar i forhold til utsendt årsmelding, vert retta opp for Kommunestyre; Side 6, utlån kraftfondet, 2 siste låna gjeld hhv. Matre utvikling as og Kvingo næringsbygg as. Gjennomgang av status unyttta mildar pr. 31.12.2010 – store deler av desse midlane kan frigjerast. Pkt. 9 utbetalt i 2011.

Under teksten kommentarar til 2010 rekneskapen, skal teksten

- Renteinntekt utlån er ført til inntekt i kommunerekneskapen 2010, rettast til;
- Renteinntekt fondsmidlar/bank er ført til inntekt i kommunerekneskapen 2010

KS-029/11 VEDTAK:

1. Årsmelding 2010 for kraftfondet vert teken til vitring
2. kr. 965.051 vert avsett til disposisjonsfond 2.5600.315 bustadføremål ved bruk av kraftfondet.

Det skjedde i Kommunestyret den 28.04.2011:

Revisjonssjef Reidar Bjørsvik møtte til denne saka.

Ordførar orienterte kort .

Ass.rådmann gjekk i gjennom årsmeldinga i detalj (side for side) – med fokus på hovudtrekk og forklaringar/svar på div. spørsmål. Statusoppdatering kring pilot/lokalsamfunnsutvikling og at kommunen må inn med ny søknad for å få fylkeskommunale midlar (jf. handlingsplan og budsjett på side 14 i årsmeldinga), då signalisert støtte frå fylket ikkje har ført fram til tildeling. Saka vart drøfta.

Til side 14 – pilotprosjekt: **Frode Langhelle**, leiar i styringsgruppa for pilotprosjektet, sa at ein burde ha eit møte i styringsgruppa snart, få klarlagt status og få søkt midlar hjå fylkeskommunen.

Frode Langhelle, H, spurte om kor mykje pengar det manglar for å få finansiert infrastrukturen på Einestrand. Ass rådmannen Svein Helge Hofslundsengen svara at med framlegg til vedtak i denne saka ville alt som er gjort så langt på Einestrand vere finansiert.

Framlegg til vedtak frå Kraftfondstyret vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

SAKSTILFANG:

Årsmelding kraftfondet – eige hefte

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

BAKGRUNN

Årsmelding for Masfjorden kraftfond skal leggjast fram som melding om kraftfondet si verksemd for kommunestyre kvart år jf. § 7 i vedtektene.

§ 7 Årsmelding

Det skal leggjast fram ei melding om kraftfondet si verksemd for kommunestyre kvart år. Gjenpart av denne årsmeldinga skal sendast Fylkesmannen og fylkeskommunen.

FAKTA

Viser til årsmeldinga.

Det er gitt eit oversyn over kva kraftfondet er, styre, saker, rekneskap, utlån, støtteordningar, vedtekter og retningsliner for kraftfondet, næringspris – retningsliner og i 2010 gjekk denne til Einekavane AS. Revidert handlingsplan og budsjett pilotprosjektet – viser i denne samanheng til Hordaland fylkeskommune – regionalt utviklingsprogram for Hordaland 2011, omstillingsmidlar side 26 med midlar øyremarka Fedje/Masfjorden 2010 og 2011 med tildels store beløp (nær 3 mill.kr.). Samarbeidsplattform med GMU, og 2011 budsjettet for kraftfondet.

Rekneskap Masfjorden kraftfond 2010

		Budsjett	Rekneskap
		2010	2010
Inntekter:	Påfyll kraftfondet - konsesjonsavgift	-2 340 000	-2 575 923
	Avdrag utlån frå kraftfondet	-90 000	-159 288
	Renteinntekter, utlån	-140 000	-10 064
	Sal av turbok		-520
	Sum inntekter	-2 570 000	-2 745 795
Utgifter:	LVK, reiselivslaget og regionrådet – tilskot/kontigent 2009	250 000	269 441
	Kraftspel, annonsering tomtar/profilering av kommunen/div	200 000	115 585
	Informasjon/heimesida/Masfjordingen	30 000	0
	Næringsarbeid innan kommuneadminstrasjonen	100 000	100 000
	Sertifikatorordninga	20 000	3 000
	Netto tilføring kommunen´s driftsbudsjett 32504, ført 87001	50 000	0
	Tilrettelegging bustadføremål	800 000	500 000
	Elevbedrift	30 000	0
	Mjølkekvotar jf. vedtekne ordning	20 000	14 940
	Landbrukstiltak	0	0
	Andre næringstiltak	0	100 000
	Kabelferja - vidare finansiering av utvida rutetilbod	0	27 778
	Etableringstilskot	470 000	120 000
	Frie fondsmidlar til fordeling	600 000	530 000
	Sum utgifter	2 570 000	1 780 744

Unytta/mindreforbruk 2010

-965 051

Kommunen har forplikta seg til medverknad i ei rekkje nye bustadfelt, seinast Einestrand bustadfelt – kor ein treng finansiering. Prosjekta har ofte finansiell inndekking over tid, medan kostnaden kjem ved utbygging. For å sikre finansiering av desse prosjekta – tilrår ein vidareføring av fjoråret, med avsetjing og styrking av fond fram til utbetaling/gjennomføring av prosjektet vert ein realitet. Ein tilrår difor at ”unytta” midlar kraftfondet i 2010 vert avsett til fond, styrkar fondsmidlane bustadføremål med kr. 965.051.

KONKLUSJON

Ein tilrår at årsmeldinga vert teken til orientering

Ein tilrår at ein styrkar fondsmidlane bustadføremål med kr. 965.051 til disposisjonsfond 2.5600.315 bustadføremål.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	14.04.2011	030/11	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	28.04.2011	030/11	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-001	Arkivsaknr.: 10/258
--------------	---------------------

SAK 030/11 - ÅRSMELDING 2010 FOR MASFJORDEN KOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Årsmelding 2010 for Masfjorden kommune vert teken til vitring.

Finansiering

Heimel

FS-030/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Årsmelding 2010 for Masfjorden kommune vert teken til vitring.

Det skjedde i Formannskapet den 14.04.2011:

Formannskapet gav uttrykk for at det var ei flott og informativ årsmelding.

Årsmelding 2010 for Masfjorden kommune vart samrøystes teken til vitring.

KS-030/11 VEDTAK:

Årsmelding 2010 for Masfjorden kommune vert teken til vitring.

Det skjedde i Kommunestyret den 28.04.2011:

Revisjonssjef Reidar Bjørsvik møtte til denne saka.

Ordførar orienterte kort og saka vart drøfta.

Liv Oda Dale, Ap, sa at nok ein gong var det levert ei og årsmelding og bad om at ein spissa målopeninga i forordet meir. Ordførar sa at dette var mykje diskutert men var vanskeleg å gjennomføra med mindre det er klare kvantifiserte, målbare mål. Rådmannen sa at det er eit viktig styringsreiskap å få til eit godt målbart system på fleire område enn økonomi og barnehageplassar. Detter er eit utviklingsarbeid som må byrje i kommunestyret ved å vedta lokale mål.

Marit Steinestø, KrF, ga ros til administrasjonen for god årsmelding

Frode Langhelle, H, sa at han sakna omtale av idrettsskulen.

Vigdis Søvik, Sp, sluttaa seg til det som er sagt tidlegare om at dette er ei informativ og god årsmelding. Søvik spurte om ein i ei årsmelding kunne grunngje nokre av dei val ein gjer for drift.

Årsmelding 2010 for Masfjorden kommune vert samrøystes teken til vitring.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	U	01.06.2010	Fylkesmannen i Hordaland	Melding om politisk vedtak - Årsmelding 2009 for Masfjorden kommune
4	I	11.04.2011	Kontrollutvalet v/leiar Kjell Løvik	Utskrift frå kontrollutvalet i høve årsrekneskap og årsmelding 2010 for Masfjorden kommune

Årsmelding 2010 – førebels utkast

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	14.04.2011	033/11	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	28.04.2011	031/11	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-103	Arkivsaknr.: 11/91
--------------	--------------------

SAK 031/11 - ÅRSREKNESKAPEN 2010 FOR MASFJORDEN KOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1) Årsrekneskapen 2010 for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre, med eit rekneskapsmessig overskot med kr. 2.933.610,10.

2) Årsoverskot 2010 vert nytta til;

- a) Inndekning av udekkede investeringar pr. 31.12.10 Matre skule med kr. 458.375,27
- b) Inndekning av udekkede investeringar pr. 31.12.10 pipe pipe fargeriet med kr. 162.544,80
- c) Husleige Einekavane 2005-06 med kr. 150.000,-
- d) overføring av unyttede midlar, til disp.fond 2.5600.100 PLO
 - pleie 25300 med kr. 150.000
 - KVR 25301 med kr. 100.000
 - Nystova 25302 med kr. 100.000
 - heimetenester indre med kr. 100.000
 - heimetenester sør med kr. 50.000
- e) Arbeidsmiljøtiltak med kr. 1.000 pr. tilsett – 225.000
- f) Restsum (kr. 1.437.690,03) vert avsett til investeringsfond (balansekonto 2.5300.000)

3) Spesifisering av fondsmidlar;

- 1) det vert oppretta bundne driftsfond pensjon med 6,8 mill.kr.
- 2) bufferfond 4,75 mill.kr. finans jf. økonomireglementet og kap. 19 finansreglementet (2.51 i balansen for pkt. 3.1. og 3.2.)
- 3) 1,0 mill.kr. prosjekt ferjefri kryssing av fjorden (2.55 i balansen),

alternativt skilt ut frå disp.fond drift 2.5600.100 til eigne balansepostar for å synleggjere bruksføremålet og avsetjingsgrunnlaget under 2.56.for pensjon og finans.

Finansiering

Årsoverskot 2010

Heimel

Økonomireglement, kommunelova, føresegner kommunale rekneskap og budsjett

Utskrift vert sendt:

Alle kommunale driftseiningar

Bankar og andre

samarbeidspartar

Fylkesmannen i Hordaland pb 7310

5020 BERGEN

Nordhordland revisjon IKS

KS-031/11 VEDTAK :

- 1) **Årsrekneskapen 2010 for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre, med eit rekneskapsmessig overskot med kr. 2.933.610,10.**
- 2) **Årsoverskot 2010 vert nytta til;**
 - a) **Inndekning av udekkede investeringar pr. 31.12.10 Matre skule med kr. 458.375,27**
 - b) **Inndekning av udekkede investeringar pr. 31.12.10 pipe, fargeriet med kr. 162.544,80**
 - c) **Husleige Einekavane 2005-06 med kr. 150.000,- og utestående Kr. 110.000 – samla 260.000**
 - d) **overføring av unyttede midlar, til disp.fond 2.5600.100 PLO**
 - pleie 25300 med kr. 150.000
 - KVR 25301 med kr. 100.000
 - Nystova 25302 med kr. 100.000
 - heimetenester indre med kr. 100.000
 - heimetenester sør med kr. 50.000
 - e) **Arbeidsmiljøtiltak med kr. 1.000 pr. tilsett – 225.000**
 - f) **kommunen sin andel av eldremilliarden kr 459 000 vert avsett til føremålet og overført til 2011-budsjettet.**
 - g) **restsum 868 690,03 vert avsett til investeringsfond (balansekonto 2.5300.000)**
- 3) **Spesifisering av fondsmidlar;**
 - 1) det vert oppretta bundne driftsfond pensjon med 6,8 mill.kr.
 - 2) bufferfond 4,75 mill.kr. finans jf. økonomireglementet og kap. 19 finansreglementet (2.51 i balansen for pkt. 3.1. og 3.2.)
 - 3) 1,0 mill.kr. prosjekt ferjefri kryssing av fjorden (2.55 i balansen), alternativt skilt ut frå disp.fond drift 2.5600.100 til eigne balansepostar for å synleggjere bruksføremålet og avsetjingsgrunnlaget under 2.56.for pensjon og finans.

Det skjedde i Kommunestyret den 28.04.2011:

Revisjonssjef Reidar Bjørsvik møtte til denne saka.

Ass rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte innleiingsvis om eldremilliarden som vi har lagt inn i 2011 budsjettet som frie inntekter, men som viser seg å vere overført i samband med rammetilskot 2010 – for å sikre desse midlane i 2011 budsjettet må det gjerast ei avsetjing frå 2010 rekneskapen. (jf. nytt pkt. f i vedtaket). Rekneskapshefte vart gjennomgått.

Marit Steinestø, KrF, spurde om administrasjonen hadde sett meir på ikkje utbetalte spelemidlar til Matre Idrettsbane. Rådmannen svara at det hadde ein ikkje fått tid til.

Frode Langhelle, H, spurte om likviditetsreserven var ein setning i møteprotokollen frå formannskapet. Ass rådmann Svein Helge Hofslundsengen sa at bodskapen er at me har brukt mykje av eigenkapitalen / fondsmidlane siste åra og fondsreservane (investeringsføremål) er brukt opp med 2011 budsjettet. Note 2 (pensjon) og 10 (likv.reserve) viser samla 13-14 mill.kr. frie midlar, kor ein ikkje har frie likvide midlar.

Frode Langhelle, H, viste til side 50 i innkallinga - spesifisering av fond - der det står at *ein bør overfør desse frå frie fondsmidlar til bundne fondsmidlar*. Bør kommunestyre vedta skal i staden for bør? Ass rådmann sa at framlegg til vedtak inneber skal.

Willy Borge, FrP, spurte om kvifor det tar så lang tid frå ein søker om å få kjøpe kommunal bustad til ein får svar når nye utleigebustader er tenkt finansiert med sal av kommunal bygg? Denne politikken er nedfelt i årsmeldinga og i fleire einskildvedtak. Ordførar svara at det er ein prosess på gang og at ein kan ikkje gjere noko vedtak på dette i dag.

Frode Langhelle, H, viste til side 27 – Lønsutgifter -. Langhelle meinte at det store talet på variabel løn viser at det kan vere lurt å ta tak i sjukefråver for å få dette talet ned. Ein kan starte med å talfeste nedgang i sjukefråverer som eit måltal for neste år. Ordførar svara at det er stort fokus på sjukefråver i AMU. Rådmannen sa at dette er omtalt i årsmeldinga der sjukefråverer for dei siste 6 åra er vist. Det er eit vanskeleg område å sette tal på for med våre små avdelinga kan dette lett bli personleg.

Revisjonssjef Reidar Bjørsvik gjekk kort gjennom det som var skrive i deira rapport.

Frode Langhelle H spurte om framlegg til vedtak pkt 3. Ass rådmann svara at slik vedtaket var formulert ville ein nytte bunde fond det er var heimel til det og frie fond der det ikkje er heimel i lov, forskrift eller avtale.

Willy Borge, FrP, sa at han hadde fått svar på nokre av spørsmåla frå formannskapet blant anna eldremilliarden. Borge viste vidare til endringsframlegget til pkt f) frå formannskapet og opprettheld dette med korrigert beløp (ca 459 000) for avsetning av eldremilliarden

Rest som blir brukt til kommunale vegar fast veidekke i 2011 kr .868.690,03

Dette utifrå signal gitt i møte des/jan/mars og ref. til tidlegare behandlingar av kommunale vegar.

Frode Langhelle, H, rådmannen har i dette møte sagt at me har tappa fondsreservane og har no likvide problem. Høgre skal vere med å bevilga pengar til veg, men det blir feil å bevilge no utan å vite kva ein bevilgar til. Høgre vil be administrasjonen å lage til ei oversikt over kva som eigentleg er problemet på dei kommunale vegane no til mai-møte.

Røysting

Ordførar delte rådmannen sitt pkt f) i to og innlemma framlegg frå FrP slik:

Nytt pkt f)

- kommunen sin andel av eldremilliarden kr 459 000 vert avsett til føremålet og overført til 2011-budsjettet.

Nytt pkt g) framlegg frå FrP

- restsum 868 690,03 vert avsett til investeringsfond (balansekonto 2.5300.000)

Det vart så røysta punkt for punkt over framlegg til vedtak.

Pkt 1 Samrøystes vedteke.

Pkt 2, a,b,c, d og e: Samrøystes vedteke.

Nytt pkt f: Samrøystes vedteke.

Nytt pkt g: rådmannen sitt framlegg vart vedteke mot to stemmer (FrP)

Pkt 3. Samrøystes vedteke.

Det vart til slutt røysta over heile framlegget samla.

- 1) **Årsrekneskapen 2010 for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre, med eit rekneskapsmessig overskot med kr. 2.933.610,10.**
- 2) **Årsoverskot 2010 vert nytta til;**
 - a) **Inndekning av udekkta investeringar pr. 31.12.10 Matre skule med kr. 458.375,27**
 - b) **Inndekning av udekkta investeringar pr. 31.12.10 pipe, fargeriet med kr. 162.544,80**
 - c) **Husleige Einekavane 2005-06 med kr. 150.000,- og uteståande Kr. 110.000 – samla 260.000**
 - d) **overføring av unytta midlar, til disp.fond 2.5600.100 PLO**
 - pleie 25300 med kr. 150.000
 - KVR 25301 med kr. 100.000
 - Nystova 25302 med kr. 100.000
 - heimetenester indre med kr. 100.000
 - heimetenester sør med kr. 50.000
 - e) **Arbeidsmiljøtiltak med kr. 1.000 pr. tilsett – 225.000**
 - f) **kommunen sin andel av eldremilliarden kr 459 000 vert avsett til føremålet og overført til 2011-budsjettet.**
 - g) **restsum 868 690,03 vert avsett til investeringsfond (balansekonto 2.5300.000)**

3) Spesifisering av fondsmidler;

- 1) det vert oppretta bundne driftsfond pensjon med 6,8 mill.kr.
- 2) bufferfond 4,75 mill.kr. finans jf. økonomireglementet og kap. 19 finansreglementet (2.51 i balansen for pkt. 3.1. og 3.2.)
- 3) 1,0 mill.kr. prosjekt ferjefri kryssing av fjorden (2.55 i balansen), alternativt skilt ut frå disp.fond drift 2.5600.100 til egne balansepostar for å synleggjere bruksføremålet og avsetjingsgrunnlaget under 2.56.for pensjon og finans.

Framlegget slik det er sitert over vart samrøystes vedteke.

FS-033/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1) Årsrekneskapen 2010 for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre, med eit rekneskapsmessig overskot med kr. 2.933.610,10.

2) Årsoverskot 2010 vert nytta til;

- a) **Inndekning av udekkede investeringar pr. 31.12.10 Matre skule med kr. 458.375,27**
- b) **Inndekning av udekkede investeringar pr. 31.12.10 pipe, fargeriet med kr. 162.544,80**
- c) **Husleige Einekavane 2005-06 med kr. 150.000,- og utestående Kr. 110.000 – samla 260.000**
- d) **overføring av unyttede midlar, til disp.fond 2.5600.100 PLO**
 - pleie 25300 med kr. 150.000
 - KVR 25301 med kr. 100.000
 - Nystova 25302 med kr. 100.000
 - heimetenester indre med kr. 100.000
 - heimetenester sør med kr. 50.000
- e) **Arbeidsmiljøtiltak med kr. 1.000 pr. tilsett – 225.000**
- f) **Restsum (kr. 1.327.690,03) vert avsett til investeringsfond (balansekonto 2.5300.000)**

3) **Spesifisering av fondsmidlar;**

- 1) det vert oppretta bundne driftsfond pensjon med 6,8 mill.kr.
- 2) bufferfond 4,75 mill.kr. finans jf. økonomireglementet og kap. 19 finansreglementet (2.51 i balansen for pkt. 3.1. og 3.2.)
- 3) 1,0 mill.kr. prosjekt ferjefri kryssing av fjorden (2.55 i balansen),

alternativt skilt ut frå disp.fond drift 2.5600.100 til eigne balansepostar for å synleggjere bruksføremålet og avsetjingsgrunnlaget under 2.56.for pensjon og finans.

Det skjedde i Formannskapet den 14.04.2011:

Årsrekneskapen vart sendt ut den 08.04.2011. Saksutgreiinga vart sendt på epost den 12.04 og levert med treskopost same dag til dei faste i formannskapet.

Ass. rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte grundig om rekneskapen.

Formannskapet stilte spørsmål til rekneskapen, blant anna om utleigebustadane på Hosteland.

Rådmann Lovisa Midtbø orienterte om at to av utleigebustadane har fått støtte frå Husbanken. Kommunen har ført momskompensasjon for desse.

Vigdis Søvik, Sp, hadde desse spørsmåla i samband med rekneskapan:

Spørsmål 1: Korleis er status på sjukefråværet i barnehagane?

Rådmann Lovisa Midtbø sa at ein har jobba med det over lang tid. Det er ei klar betring i to av barnehagane.

Me har samarbeidd med bedriftshelsetenesta, NAV og arbeidslivssenteret for å redusera sjukefråværet.

Barnehagane har vore eit flaggskip for oss og det kostar.

Spørsmål 2: Er det forsvarleg bemanning på sjukeheimen?

Rådmannen orienterte og svara at i periodar med overbelegg kan avdelingsleiarane ta inn ekstrahjelp ved behov. Etter det rådmannen veit, er bemanninga forsvarleg.

Vigdis Søvik, tilrådde andre parti å ta opp sak om Naturressursskatten og skeivfordelinga i høve utbytehandtering.

Søvik kommenterte og prosjekt som ikkje er fullfinansierte når dei blir starta opp.

Søvik spurde om saka om fargeripipa var blitt oversendt til kontrollutvalet?

Rådmannen svara at kontrollutvalet vil få saka til gjennomsyn.

Søvik spurde om vassavtalen med Gulen?

Ass. rådmann Svein Helge Hofslundsengen svara at kommunen har gjort vedtak og ventar no på svar frå Gulen.

Søvik spurde og om brua i Indre Haugsdal og ba om at det kjem status på bruprojektet til kommunestyret.

Formannskapet drøfta forholdet til Einekavane jf. saksutgreiinga side 13.

Dina Dyrhoden, Ap, gjorde framlegg om endring av

*Pkt 2 C Husleige Einekavane med 150.000 og
ettergjeving av gjeld kr 110.000.*

Pkt. 2 f) Vert redusert med 110.000.

Willy Borge, Frp, spurde og om eldremilliarden og kva er den brukt til, samstundes som vi har eit overskot i pleie og omsorg.

Ass. rådmann Svein Helge Hofslundsengen svara at drifta i tråd med budsjett.

Eldremilliarden er sett inn på driftsbudsjettet i 2011.

Rådmann Lovisa Midtbø synt til Demenspatruljen som er eit nytt prosjekt som er starta opp og dagtilbod på sjukeheimen der alle i heile kommunen får tilbod om å koma.

Willy Borge, Frp, sette fram slikt endringsframlegg:

Rest som blir brukt til kommunale vegar (kr 1.437.690,03)

fast veidekke i 2011 (kr 1.327.690,03)

Dette utifrå signal gitt i møte des/jan/mars og ref. til tidlegare behandlingar av kommunale vegar.

Leila T. Andvik, V, stilte spørsmål om budsjettendringar som kjem i løpet av året og kva konsekvensar det får på sikt, blir tilstrekkeleg vurdert av politikarane.

Andvik sa at me kanskje tar for lite ansvar som politikarar med omsyn til prioritering.

Ass. rådmann Svein Helge Hofslundsengen sa at ein må ta ein grundig gjennomgang i samband med budsjettrevisjonen. Ein har no brukt opp fondsreservane og har likvide problem. Det bør synleggjerast meirkostnad i saksutgreiingane til sakene som kjem opp.

Røysting:

Det vart fyrst røysta over endringsframlegget frå Frp:

Endringsframlegget frå Frp fekk ei røyst og fall. (FrP)

Det vart så røysta over endringsframlegget frå Ap til pkt C.

Endringsframlegget frå Ap vart samrøystes vedteke.

Det vart så røysta punkt for punkt over framlegg til vedtak.

Pkt 1 Samrøystes vedteke.

Pkt 2, a,b,c,d og e: Samrøystes vedteke.

Pkt 3. Samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	I	07.04.2011	Einokavane AS	Søknad om ettergjeving av gjeld
8	I	08.04.2011	Nordhordland Revisjon IKS	Melding frå revisor til årsrekneskapen for Masfjorden kommune
3	I	11.04.2011	Masfjorden kommune v/rådmann	Uttale frå leiinga vedkomande Masfjorden kommune si avlevering av rekneskap 2010
7	I	11.04.2011	Kontrollutvalet v/leiar Kjell Løvik	Utskrift frå kontrollutvalet i høve årsrekneskap og årsmelding 2010 for Masfjorden kommune
4	I	11.04.2011	Masfjorden sjukeheim v/Aud Berit Sleire	Søknad om overføring av overskot til 2011
5	I	11.04.2011	Heimetenesta i Indrefjorden v/Elin Eikemo	Søknad om overføring av overskot til 2011
6	I	11.04.2011	Heimetenesta på Sørsida v/Tove Kristin S. Tistel	Søknad om overføringer av midler til 2011

SAKSVEDLEGG:

Rekneskapshefte 2010;

- detaljrekneskap investering, drift og balanse
- hovudoversikta & note til rekneskapen
- økonomisk analyse
- Revisjonsmeldinga til kommunerekneskapen

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Administrasjonen legg fram rekneskapen for 2010 overfor kontrollutval, formannskap og kommunestyret jf. § 10 i føreskrift for kommunale rekneskap.

UTTALE

Revisjonsmeldinga + uttale frå kontrollutvalet 11.april 2011.

FAKTA

RESULTAT

Driftsrekneskapen 2010 for Masfjorden kommune er gjort opp med eit rekneskapsmessig overskot med kr. 2.933.610,10, ein ufullstendig føring knytt til øreavrunding gjer at analysedel og rekneskapshefte 2010 framstår med eit avvik på kr. 2,50 og eit mindreforbruk drift på 2.933.608.

Kommunen rapporterte inn rekneskapen for 2010 pr. 15.2.2011 til KOSTRA, med rekneskapsmessig overskot på kr. 2,8 mill.kr. Rekneskapen var då ikkje ferdigstilt, men ein rekna ikkje med dei store endringane og det vart ikkje dei store endringane. Rekneskapstal for 2010 knytt opp til tenesterapportering finn ein lett tilgjengeleg på www.kostra.no, og endeleg rekneskap for 2010 vert innrapportert innan 15.april 2011.

Netto driftsresultat på om lag 10 mill.kr., som er vesentleg betre enn budsjettert – men heilt i tråd med prognose framlagt i samband med budsjettensalderinga i mai 2010, og sentrale årsaker til netto driftsresultat på 10 mill.kr.,

- premieavvik/pensjon 2,5 mill.kr.
- tilskot kalkdoseraranlegg 2,4 mill.
- avkastning aksjefond 1,5 mill.kr.
- skatteinngang 1,6 mill.kr.
- konsesjonskraft, 1,6 mill.kr
- lågare rentekostnad (enn budsjettert)

I forhold til prognose i mai for 2010, er det overføring frå drift til investering som er mindre enn forventa (og sjølv overskotet større enn forventa) – skuldast planlagt budsjettrevisjon i november som ikkje vart gjennomført.

Prognose (basert på 1.tertialrapport og uendra etter 2.tertialrapport);

ØKONOMISK OVERSIKT - DRIFT				
	Prognose 2010	Opphavleg 2010 budsjett	Rekneskap 2009	
DRIFTSINNTEKTER				
LN03	Brukerbetalinger	-8 800 000	-7 364 000	-8 563 578
LN04	Andre salgs- og leieinntekter	-6 900 000	-6 410 200	-6 738 641
LN05	Overføringer med krav til motytelser	-20 000 000	-15 203 700	-20 109 429
LN06	Rammetilskudd fra staten	-38 900 000	-39 600 000	-36 083 417
LN07	Andre statlige overføringer	-4 600 000	-930 000	-4 216 772
LN08	Andre overføringer	-12 000 000	-8 983 000	-12 149 307
LN09	Skatt på inntekt og formue	-44 300 000	-43 600 000	-44 508 433
LN10	Eiendomsskatt	-19 700 000	-19 700 000	-18 820 628
LN11	Andre direkte og indirekte skatter	-2 600 000	-2 360 000	-2 558 577
LN12	Sum driftsinntekter	-157 800 000	-144 150 900	-153 748 782
DRIFTSUTGIFTER				
LN14	Lønnsutgifter	85 500 000	84 033 600	82 444 518
LN15	Sosiale utgifter	21 000 000	20 819 200	18 605 858
LN16	Kjøp varer/teneste til komm.tenester	23 000 000	21 267 700	21 902 684
LN17	Kjøp varer/teneste erstatter komm.teneste	6 600 000	5 421 800	6 268 244
LN18	Overføringer	8 400 000	7 757 500	8 024 241
LN19	Avskrivninger	7 600 000	7 051 100	6 978 233
LN20	Fordelte utgifter	-900 000	-900 000	-900 000
LN21	Sum driftsutgifter	151 200 000	145 450 900	143 323 778
LN23	Brutto driftsresultat	-6 600 000	1 300 000	-10 425 004
EKSTERNE FINANSTRANSAKSJONER				
Finansinntekter				
LN25	Renteinntekter, utbytte og eieruttak	-2 380 000	-2 264 500	-5 338 015
LN26	Mottatte avdrag på lån	-120 000	-120 000	-159 412
LN27	Sum eksterne finansinntekter	-2 500 000	-2 384 500	-5 497 427
Finansutgifter				
LN29	Renteutgifter, provisjon og andre finansutg	2 500 000	2 301 600	1 991 538
LN30	Avdragsutgifter	3 700 000	3 900 000	3 663 992
LN31	Utlån	500 000	20 000	320 000
LN32	Sum eksterne finansutgifter	6 700 000	6 221 600	5 975 530
LN34	Res.ekst. finansieringstransaksjoner	4 200 000	3 837 100	478 103
LN35	Motpost avskrivninger	-7 600 000	-7 051 100	-6 978 233
LN36	Netto driftsresultat	-10 000 000	-1 914 000	-16 925 134
AVSETNINGER				
Bruk av avsetninger				
LN38	Bruk av tidligere års regnskapsmessige o	-1 900 000	0	-1 507 900
LN39	Bruk av disposisjonsfond	-2 012 000	-1 856 000	-1 979 193
LN40	Bruk av bundne fond			-135 000
LN41	Bruk av likviditetsreserve			
LN42	Sum bruk av avsetninger	-3 912 000	-1 856 000	-3 622 093
Avsetninger				
LN44	Overført til investeringsregnskapet	8 240 000	1 340 000	5 300 835
LN45	Dekning av tidligere års regnskap	0	0	0
LN46	Avsetninger disposisjonsfond	3 930 000	2 430 000	12 985 045
LN47	Avsetninger til budne fond	0	0	351 198
LN48	Avsetninger til likviditetsreserve			
LN49	Sum avsetninger	12 170 000	3 770 000	18 637 078
LN51	Rekneskapsmessig overskot/underskot	-1 742 000	0	-1 910 149

Investeringsrekneskapen viser brutto investerings- og finansutgifter med kr. 25.538.176,24, inntekter med 22.942.411,07 og eit underskot med kr. 2.595.765,17 for 2010.

Sum investeringar enda på brutto 25,6 mill.kr., mot eit opphavleg budsjett på 13,2 mill.kr.

Finansiering av investeringsrekneskapen, 4.925.000 ved eksterne lån (3,9 mill.kr til investeringar og 1.025.000 utlån startlån)

4,7 mill.kr. overført frå driftsrekneskapen

Ca. 8,9 mill.kr. i bruk av fondsmidlar

Ca. 1,8 mill.kr. sal hus/tomtar

Ca. 1,8 mill.kr. i statlege overføringar

Ca. 1 mill.kr. i andre inntekter, 500.000 BKK

2,6 mill kr. Udekka pr. 31.12.2010

UDEKKA INVESTERINGAR 2010

Det kom til nokre nye postar med udekka i løpet av 2010, summert til om lag 2,6 mill.kr., tiltak grøn næringspark Matre vert finansiert og dekket inn når salet av eigedom/tomt til Einekavane vert gjort opp frå Einekavane si side, noko ein legg til grunn skjer i 2011.

Utleigebygg Sandnes har ein budsjettdekning og finansiering av i 2011 budsjettet, og forsvinn dermed frå lista i 2011.

Udekka knytt til bustadføremål gjeld;

Sak 61/10 – kjøp av eigedom 850.000 vert godkjent

KS-061/10 VEDTAK:

1. Kjøp av eigedom Gnr. 30, Bnr. 17 på Sandnes til kr. 850.000,- vert godkjent.

og kor ein legg til grunn vidaresal av eigdommen i løpet av 2011, slik at denne posten og forsvinn frå lista.

Ein står då att med 2 prosjekt med store overskridingar i høve opphavleg budsjett/prosjekt – som treng finansiering, som ein tilrår vert dekket av overskotet i 2010.

Spesifiserte nye udekka/ikkje finansierte investeringar pr. 31.12.2010

Fargeriet, pipe	162 544,80	Grøn næringspark – Matre	146 964,60
Matre skule	458 375,27	Bustadføremål - gamlebanken	648 000,00
Utleigebustadar Sandnes	1 179 880,50		

Av udekka tidlegare år, er det tippemidlar til

Matre idrettsbane	350 000,00
-------------------	------------

Som ein må sjekke nærare, desse midlane skulle ha vore utbetalt no – slik at status må avklarast, og evt. EK må på plass.

SJÅ ELLES NOTE 9 TIL 2010 REKNESKAPEN

SØKNADER OM Å FÅ OVERFØRT UNYTTA MIDLAR 2010 REKNESKAPEN

Heimel, økonomireglementet og endringar pr. mai 2010.

Relatert til 1B, er det reelt berre rammeområdet pleie- og omsorg som har grunnlag for å få overført unytta løyvingar frå 2010 rekneskapen til disposisjon kommande budsjettår – og her har alle einingar søkt formelt eller teke kontakt kring ønske om å få overført unytta løyvingar. I leiarmøte 31.jan. 2011 vart det orientert om at ein ikkje rekna med at det vart innvilga søknader om overføring av unytta løyvingar for 2010, og at dei søknadene som var komme var etter oppgitt frist.

Det føreligg søknad psykiatritenesta, som har ei stor innsparing – men kor rammeområde helse kjem ut med eit større avvik i høve budsjett, og dermed ikkje grunnlag for å imøtekomme denne søknaden.

Søknader om å få overført unytta midlar 2010 rekneskapen (utdrag frå nokre);

Rekneskap for teneste 2260 -25302 ser ut for å gå med overskot i 2010.

Eg vil derfor søkje om å få nytte/overføre 300 000 til prosjekt heimebuande demente i 2011. Har og midlar att på fond, søkjer om å få nytte dei til prosjektet også.

Søker med dette om overføring av overskot i 2010 til fond – heimetenester indrefjorden;

Overskotet er tenkt nytta til følgjande ; Sikring av finansiering av garasje til leigebilar i avdelinga. Denne garasjen er påbegynt i november 2010, og det er avsatt tidlegare fondsmidlar til dette prosjektet (kr.175 000). Då det inngår i budsjettforslag for 2011 leasing av ein bil til, er garasjen utvida til å romma 2 bilar. Ynskjer difor å sikra ei tilstrekkeleg finansiering.

I tillegg til dei utgifter som er lagt inn i budsjettforslag for 2011 når det gjeld ein til leigebil, ynskjer ein også å nytte fondsmidlar til å sikre finansiering av ekstra utgifter til etablering av leasingavtale og nødvendig ekstrapstyr.

Innan pleie- og omsorg tilrår ein følgjande overføring av unytta midlar 2010 rekneskapen;

- pleie 25300 med kr. 150.000
- KVR 25301 med kr. 100.000
- Nystova 25302 med kr. 100.000
- heimetenester indre med kr. 100.000
- heimetenester sør med kr. 50.000

Og samla kr. 500.000 for rammeområde pleie- og omsorg, under balansepost 2.5600.100

SPESIFISERING AV FOND

Under disposisjonsfond drift (balansepost 2.5600.100), jf. note 12.

6,8 mill.kr. av dei er avsetjing knytt til pensjonsmidlar 2006/07 og det faktum at kommunane skyver framfor seg store deler av pensjonskostnaden. Vidare er 4,75 mill.kr. under fondsreserven for felles knytt til bufferkapital fondsmidlar – avkastning aksjefond sett av for å sikre grunnkapitalen. Samla over 11,5 mill.kr. **Desse avsetjingane har ei form som gjer at ein bør overføre desse frå frie fondsmidlar til bundne fondsmidlar.** Ein har og plasseringar under ubunde investeringsfond som ein burde ha gjort om til bundne plasseringar, som f.eks fond ferjefri kryssing av fjorden.



Tilrår at 6,8 mill.kr. pensjon, 4,75 mill.kr. finans og 1,0 mill.kr. prosjekt ferjefri kryssing av fjorden vert avsett til bundne hhv. drifts (2.51 i balansen)- og investeringsfond (2.55 i balansen), alternativt skilt ut frå disp.fond drift 2.5600.100 til egne balansepostar for å synleggjere bruksføremålet og avsetjingsgrunnlaget under 2.56. Ein må få klargjort høve til å omklassifisere fondsmidlar til bundne fond, spesifisere fondsbruken under disposisjonsfond er heilt uproblematisk som eit greitt alternativ.

KOSTRA

Rekneskapen 2010 er KOSTRA (Kommune stat rapportering) rapportert til SSB med førebelse rekneskapstal pr. 15.2.2011 og endelege rekneskapstal pr. 15.4.2011.


Vær difor obs på at KOSTRA referanse brukt i sak, årsmelding og rekneskapshefte er basert på førebels rekneskapstal, medan sjølve saka, årsmelding og rekneskapshefte byggjer på endelege rekneskapstal.

Netto driftsresultat – KOSTRA, % vis resultat (Masfjorden utvikling 2007-10, elles 2010);



Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter


Frie inntekter i kroner per innbyggjar;




Som ein ser av diagrammet over, kopla til kraftinntektene jf. side 5 i årsmeldinga og side 25 i rekneskapshefte – ville Masfjorden vore på gjennomsnittet i Hordaland for 2010, om ein held kraftinntektene utanom.

Viser elles til KOSTRA informasjon i årsmelding & rekneskapshefte med diagram og tabell.


Nokre utfyllende forhold kring balanserekneskapan



Langsiktig gjeld (lån og pensjon) i prosent av brutto driftsinntekter;



Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar



Arbeidskapital i prosent av brutto driftsinntekter

BUDSJETT OG BUDSJETTENDRINGAR

Ein budsjettprosess har normalt oppstart etter avlegging av førre års rekneskap (april) og deretter ein forholdvis lang prosess fram til endeleg Kommunestyrevedtak i desember for kommande års budsjett, og i nyåret held ein fram med budsjettssaldering, samt ei rekkje saker og budsjettrevisjonar som endrar på budsjettet. Her følgjer ein del av desse endringane/sakene (Kommunestyresaker og vedtak);

sak 3/10 – museum, budsjett styrka med 30.000
sak 5/10 – skuleskyss Matre, budsjettstyrking 75.000

Kommunen dekkar skyss for elevane i Fossdalen 4 dagar i veka morgon og kveld i tida 1. oktober til 31. mars så lenge ein av elevane går i småskulen.

Finansiering

Skyssbudsjettet til Matre skule må aukast med kr 75000 netto for 2010.

Sak 16/10 – årsrekneskapen 2009, med disponering av årsoverskot som fører til budsjettendringar i tråd med vedtaket + 2 fondsopprettingar kraftfondet

Sak 25/10 – avlastningstiltak

3. Det vert oppretta eige budsjett for tenesta med nettoramme på 600.000,- for 2010, som tek høgde for pkt. 2 i framlegg til vedtaket

Finansiering

Tiltaket vert finansiert med inntekter frå ressurskrevjande brukarar, som ikkje er innarbeidd i 2010 budsjettet.

Sak 29/10 – forprosjekt fleirbrukshall (300.000 – og finansiert med bruk av fond)

Sak 35/10 - budsjettssaldering 2010

Sak 39/10 – Matre symjebasseng, 1 mill.kr.

Sak 51/10 – forprosjekt bru, gjere ei avsetjing – og opprette brufond. → 1 mill.kr. av kraftfondet

Sak 56/10 – investeringsbudsjett 2010 – komm.vegar

SAK 056/10 – INVESTERINGSBUDSJETT FOR KOMMUNALE VEGAR - 2010

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Utbetringar Haugsdal bru vert lagt ut på anbod, og teke opp som eiga løyvingssak.
2. konkretisering av investeringstiltak kommunale vegar 2010;

Tiltak	Adresse	Beskrivelse	Estimerte kost. kr. Eks mva
Bru vedlikehald	Kommunale bruar	Sjå eigen rapport om bruvedlikehald datert 21.05.2010 Rapporten omfattar inspeksjon av alle dei 11 kommunale bruene kommunen. Den estimerte totalkostnaden på kr 645.000,-som det vert synt til i rapporten omfattar ikkje reparasjon av Haugsdal bru.	490.000,-
Asfaltering	Skaret (Haugsvær)	Ca 50 m sør for andre ferist til snuplass i Skaret	110.000,-
Flomsikring	Veg til Storemyr		200.000,-

3. Auka løyving frå 500.000 til 800.000 vert dekkja ved overføring frå driftsrekneskapen

Finansiering

Auka overføring frå driftsrekneskapen til investeringsrekneskapen med 300.000 vert innarbeidd i budsjett 2010

Sak 58/10 – garderobeanlegg Nordbygda skule**KS-058/10 VEDTAK:**

Kommunestyret godkjenner opprusting av gymgarderobane på Nordbygda skule innanfor ei kostnadsramme på netto 1,8 mill. kroner.

Finansiering

Innan budsjettsummen avsett i budsjettet for 2010.

**Sak 60/10 – utlån kraftfondet med 400.000, bokført ok,
budsjettjustering i tråd med vedtak****SAK 060/10 – SØKNAD OM LÅN FRÅ KRAFTFONDET TIL
FLYTEBRYGGE VED MATRE HOTELL****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Matre utvikling v/Sigurd Vabø får eit lån frå kraftfondet til etablering av flytebrygge ved Matre hotell stort kr. 400 000, nedbetalingstid 4 år.

Sak 61/10 – kjøp av eigedom 850.000 vert godkjent (ingen finansiering)**KS-061/10 VEDTAK:**

2. Kjøp av eigedom Gnr. 30, Bnr. 17 på Sandnes til kr. 850.000,- vert godkjent.

Sak 70/2010 – investeringsplan kommunale vegar**Sak 77/2010 – bru indre Haugsdalen****KS-077/10 VEDTAK:**

Masfjorden kommune aksepterer anbod på indre Haugsdalen bru, og tiltaket vert iverksett så raskt som praktisk mogeleg.

Finansiering

Lånefinansiert (2010), og dersom prosjektet vert gjennomført i 2011 kan evt. anna finansiering verte vurdert i samband med 2011 budsjettet.

Heimel Kommunestyresak 56/10

Sak 78/2010 – kommunal garanti Einekavane (5.okt.)

+ div. formannskapsvedtak med budsjettkonsekvens;

FS-065/10 VEDTAK :

Masfjorden kommune løyver kr 50000 til vedlikehald av pipa på Kvamsdals farger i samsvar med finansieringsplanen. I tillegg forskotterer kommunen det som er nødvendig for å få prosjektet fullført, mot tilbakebetaling når midlane frå dei andre finansieringskjeldene kjem.

Finansiering

Kr 50000 vert dekkja av midlar frå kommunale museumsfond

VEGLYS HOSTELAND, FS-068/10 VEDTAK :

Masfjorden kommune dekkjer sluttregning for prosjektet på kr. 65.360,75 brutto. Tiltaket vert lagt inn i investeringsbudsjettet for 2010.

Finansiering

Netto sum med kr. 52.288,60 vert dekkja av investeringsfond 2.5300.000

Heimel

m.a. Kommunestyresak 61/09

Sak 81/2010 – 2.tertialrapport**KS-081/10 VEDTAK:**

2.tertialrapport 2010 vert teken til vitring.

Finansiering

Ikkje aktuelt, budsjettrevisjon i eiga sak seinare i år, grunna sjukdom – ikkje utført

Sak 86/2010 – bil til teknisk m/Brøyteutstyr og strø – ca. 400.000,-.

SAK 086/10 – KJØP AV BIL MED UTSTYR TIL VEDLIKEHALDSAVDELINGA

Kommunestyret godkjenner innkjøp av bil og utstyr til vedlikeholdsavdelinga. Kostnaden eks. mva er kr. 412.477. **Finansiering** Fondsmidlar teknisk

FORHOLDET TIL EINEKAVANE

I kommunerekneskapen pr. 31.12.2010 har vi utestående overfor Einekavane kr. 260.000,- som uoppgjorde eldre postar. Kr. 150.000 husleige Einekavane 2005-2006. Einekavane har betalt jf. dokumentasjon frå rekneskapsfører, og sjekka opp i mot kommunerekneskapen. Aktuelle restanse i kommunerekneskapen sin kunderskontro er ikkje ajourført for desse overføringane, og krav frå kommunen si side må avskrivast, og ein tilrår at ein brukar overskot i 2010 til dekking av dette forholdet. Dette vert då teke i 2011 rekneskapen. Einekavane har og søkt om å få ettergitt gjeld på 110.000,-, som gjeld ulike tenester ved oppstart av selskapet, og vedteke i samband med oppretting av selskapet. Dette forholdet legg ein fram utan tilråding. Ønskjer Kommunestyret å ettergi gjeld, må ein redusere avsetjing til investeringsfond med 110.000,-. Sidan oppretting av AS frå kommunal drift, har selskapet fått gradvis ettergitt gjeld som ein anser som reell, dette er siste uavklarte posten mellom selskapet og kommunen.

ANDRE RELEVANTE FORHOLD I 2010 REKNESKAPEN

For investeringsprosjektet utleigebustadar Hosteland har kommunen gjort om 2 av 5 bueiningar til omsorgbustadar, og ført momskompensasjon for desse. Det er ingen momskompensasjon for oppføring av ordinære utleigebygg. Etter tilsyn frå Skatt vest på 6.termin momskompensasjonsinnrapportering fekk vi melding om at dette forholdet ville revisor sjå nærare på, som einaste forhold/merknad til innrapportert mva.komp. 6.termin 2010.

For same investeringsprosjektet, utleigebustadar Hosteland, har vi det forholdet at kommunen har selt ein bueining utan at ein har korrigert anleggsmiddel/aktiverte post for dette forholdet, slik at ein må justere dette i 2011 rekneskapen. Skulle ha framgått av note 7/kapitalkontoen under sal av fast eigedom og anlegg.

Ein har elles 2 mindre postar som ein ikkje har aktivert i 2010 rekneskapen.

Ein har ikkje justert tilskot ressurskrevjande brukarar i 2010, men har rapportert inn slik at ein får om lag 100.000 meir utbetalt knytt til ressurskrevjande brukarar 2010 enn det som framgår av rekneskapen, denne inntekta tek ein i 2011.

Note 5, verddivurdering av aksjar i BKK, grunnlag for å nedskrive – dialog BKK i løpet av 2011 for å sikre ein relevant verdianslag ved utgangen av 2010.

KONKLUSJON

Ein tilrår at rekneskapen 2010 vert godkjent slik den ligg føre og disponering av overskot i samsvar med tilrådinga. Gjennom rekneskapshefte og saksutgreiinga har ein vektlagt og synleggjort det ein meiner er relevant informasjon frå 2010 rekneskapen til kommunen.

For pkt. 2 c) i framlegg til vedtak må ein ta stilling til Einekavane, om ein ettergir gjeld med 110.000 eller ikkje

- c) **Husleige Einekavane 2005-06 med kr. 150.000,- (og evt. tenester for 110.000,-) – samla 260.000,-**

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	28.04.2011	032/11	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 11/256
-----------	---------------------

SAK 032/11 - SKRIV OG MELDINGAR

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	11/1363	I	22.03.2011	Helsetilsynet	Oversendelse av Tilsynsmelding 2010
2	11/1371	I	23.03.2011	NGIR	Referat frå styremøte i NGIR den 07.03.2011
3	11/1446	I	10.03.2011	Fylkesmannen i Hordaland	Fylkesmannen i Hordaland sitt Prosjekt ulovlege byggetiltak - årsmelding for 2010
4	11/1449	I	17.03.2011	Helsetilsynet	Statens helsetilsyn oversender samlerapport frå tilsyn i 2010 med kommunens sosial- og helsetjenester til eldre
5	11/1696	I	11.04.2011	Kontrollutvalet v/Kjell Løvik	Møteutskrift frå møte den 11.04.2011
6	11/1723	I	07.04.2011	Helsetilsynet	Oppsummeringsrapport - gjennomgang av vedtak om tvungen innleggelse og tilbakehold i helseinstitusjon
7	11/1781	I	15.04.2011	Fylkesmannen i Hordaland	Rapport etter tilsyn med samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i Masfjorden kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

KS-032/11 VEDTAK:

Skriv som var vedlagt sakspapira vert utsett til neste møte i kommunestyret.
Spørsmål og melding stilt i møtet vart svara på og teke til orientering.

Det skjedde i Kommunestyret den 28.04.2011:**Spørsmål til kommunestyret frå Masfjorden Arbeidarparti v/Liv Oda Dale:**

a) I februar møtet 2010 ba Arbeidarpartiet ved undertekna om at kommunestyret fekk seg forelagt ei oversikt over kor mykje Masfjorden kommune brukar når det gjeld alt interkommunalt samarbeid; herunder både arbeidstid, lønsmidlar og anna. Spesielt var nemnt IKT-samarbeidet.

Så langt kan vi ikkje sjå at vi har fått dette. Eit år skulle vel vera meir enn nok tid til å lage ei oversikt.

b) Kva er status i saka om sal av ”gamlebanken”?

Svar frå ordførar og rådmannen:

a) Rådmannen svara at ei oppsummering av engasjementet i interkommunale prosjekt har vore starta men er diverre ikkje fullført. Rådmannen beklaga dette.

b) Innleiingsvis viste ein til statusorienteringar overfor formannskapet generelt, og til møteprotokoll 17.03.2011 spesielt. Ein sit no att med to interessantar når det gjeld ”gamlebanken”. Begge har levert interessante og gode løysingar – men bod under det KS sak 61/10 la til grunn. I salsprosessen har ein og møtt på litt utfordringar, m.a. med avstand til Fv og avkøyrsløse og har vore i kontakt og hatt synfaring med vegvesenet. Det har og komme bod frå kjøpar som vil overta eigedomen/tomta. Ein held fram drøftingar med dei 2 interessante med sikte på å komme fram til eit sal, basert på løysingar med hhv. 3 og 6 bueiningar, men vil og vurdere alternativt å lyse eigedomen ut for sal.

Melding til kommunestyret frå Venstre v/Leila Torsvik Andvik:

Oppfordrar kommunestyremedlemmer til ikkje å nytte parfyme på møta då det er nokon som føler fysisk ubehag og andre som får allergiske reaksjonar av slik lukt.

Ordførar spurte om resten av skriv og melding kunne utsettast til neste møte. Kommunestyret slutta seg til dette.

Rett utskrift av møteprotokoll frå kommunestyret den 28.04.2011 vert vitna:

Håkon Matre
ordførar

Torfinn Åga
kommunestyremedlem

Wenke Fredheim Ekren
kommunestyremedlem